



## Statens vegvesen

Terje J Ledahl AS  
Nordnesveien 21  
5005 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/83050-12


Dykkar referanse:

Vår dato:  
24.10.2017

### Uttale – Framlegg til løysing – Fv. 409 – Manger sentrum felt B4 – Gnr. 45 bnr. 84 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 22.09.2017. Du ber om tilbakemelding på framlegg til løysing for avkøyrslere reguleringsplan for *Manger sentrum felt B4* som er under utarbeiding.

I følgje KDP *Manger sentrum* (2008) skal utbyggingsområde B4 ha avkøyrslere frå offentlig veg og planlagt rundkøyring på fv. 409.



Figur: Del av KDP for Manger sentrum, felt B4.

Du sender no over ei skisse til løysing for avkøyring og ber Statens vegvesen til stilling til om dette er ei løysing vi kan akseptere. Vi forstår framlegget ditt slik at du vil nytte avkøyrslere ved pkt. C som ei mellombels løysing til rundkøyring er realisert. Dette avkøyrslerepunktet er regulert gjennom reguleringsplan for *Hesthaugen* (2005). Krysset er etter dette omregulert til anna vegareal og stengt jf. KDP for *Manger sentrum*.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



**Figur: Skisse til løysing**

KDP for *Manger sentrum* legg føringar på kva som kan realiserast innanfor felt B4. Vi vil ikkje motsetje oss at det vert lagt fram eit forslag slik det er skissert. Vi ser likevel at framlegget kan by på ei rekke utfordringar. Framlegget vi har fått tilsendt er heller ikkje detaljert, slik at vi kan ikkje ta endeleg stilling til forslaget.

Når det ligg føre ein nytt planframlegg vil vi vurdere dette med bakgrunn i trafikktryggleiken, trafikkavvikling, trygg skuleveg og tilbud til mjuke trafikantar. Det er aktuelt å stille krav om å utbetre krysspunktet dersom det ikkje tilfredsstillir dagens krav. Planframlegget må også sikre gode føresegner som tek i vare både eksisterande brukarar i krysset, framtidig utbygging samt gjennomføring av veganlegget slik det er synt i KDP for *Manger sentrum*. Vi vil også vurdere andre relevante rekkjefølgjekrav som krav til trygg skuleveg.

Vi har erfaring med at det planfagleg vert krevjande å handtere utbyggingsprosjekt der utbyggingsområde og avkøyrsløse er regulert i ulike reguleringsplanar. Ei eventuell utbetring av kryssområdet vil mest sannsynleg krevje dispensasjon frå KDP for *Manger sentrum*. I dette tilfellet vert det særleg utfordrande sidan krysset du ynskjer å nytte er planlagt stengt.

Vi vil i det vidare sjå tiltaket i samanheng med det som elles skjer med fylkesvegen på Manger. Vi har også spurt i oppstartsvarslet om denne tomte er moden for utbygging før rundkøyring er realisert.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER